

KORT REFERAT IFRÅ ÅRSMØTE 6 NOV 2006

Wictor las årsmeldinga. Medlemstalet er no på 205. Debatt om at heimevernet må skyte inn våpena før øving, det er for stor skade på elektronikken. Kommentert at vi har 2 skyttarar i kl. 5. Årsmelding godkjendt.

Asbjørn las årsmelding for ungdomsutvalget. Viser at dette utvalget har gjort ein svært god jobb siste åra. Vi har den mest aktive gruppa i samlaget, og stor også i kretsen. Ungdomsskyttarane har oppnådd fleire topplassingar både individuelt og som lag. Årsmelding godkjendt.

Kjell las årsmeldinga for miniatyrskyttebana. Årsmelding godkjendt.

Wictor las årsmeldinga for Sollidalstyret. Kommentert at sluttkostnaden for paviljongen ikkje må overskride dei 100 000,- som er avsatt, sjølv om der er 4 lag å dele summen på. Årsmelding godkjendt.

Medlemskontigent for 2007 blir uendra kr.200,- for senior og 100,- J/R

Rekneskapet for 2006 opplest av Anne Åse Røv. Viser samla inntekt på kr. 167.615,- og kostnader kr,- 165.213,- Overskot kr.2.401,- Rekneskapet godkjendt.

Forslag om å gi aktivitetstøtte på kr 1000,- til alle skyttarar som deltek på minst 12 stk tellande stemner i eit skyteår vart vedteke.

Forslag om godtgjering på kr. 1500,- pr år til kasserar vart vedteke.

Terminliste. Kort diskusjon om vi skal arrangere Sollidalstemnet åleine eller saman med Volda. Bestemt å arrangere i felleskap.

Budsjett 2007 av Anne Åse Røv. Godkjendt.

Val ved Knut Riise. Kjell Foldal ny leiar og Wictor Kolås skrivar. Roger Steines ny leiar for ungdomsutvalget og Asbjørn Foldal medlem. Per Ulvestad ny leiar i valnemnda og Trond Petter Lystad ny medlem.

Kjell Foldal